

# ÅRSRAPPORT FILADELFIA SJUKELANDSBY I MANAKARA MADAGSKAR 2022

## Innleiing

Det var mykje nedstenging av samfunnet på Madagaskar i koronatida, slik det var i alle land. Filadelfia var det ei tid berre avgangsklassen som hadde skule, med mange restriksjonar. Sjukestova hadde ope heile tida, og var og aktiv med i smittevernarbeidet på heile området. Trass i mange utfordringar denne tida, har skulen, sjukestova og det andre arbeidet i Filadelfia kome gjennom dette på ein god måte.



Jordmora og assistenten har ansvaret. Besøk frå Norge og Israel. Felicite i midten orienterer  
Foto: Arne Dragsund

## Sjukestova

Mykje folk kjem til sjukestova kvar dag. Dei held framleis på med vaksinar av borna som foreldra kjem med, men dei er ennå ikkje komne i gong igjen med vaksinar ute i landsbyane etter koronatida. Dette vil truleg starte opp igjen i nærmaste framtid. Det er mange som kjem på svangerskapskontroll hos jordmora, men ikkje alle desse kjem tilbake for å føde. Det skuldast lang avstand til landsbyane, og mangel på transport. Staten har hatt undervisning for kloke koner som tek seg av fødslane for dei som ikkje kan gå så langt. Så det systemet fungerer bra ute i landsbyane. Det viktige er at dei som skal føde, kjem til svangerskapskontroll, og slik kan få hjelp tidleg om noko ikkje er som det skal vere. Då vert dei henviste til det statlege sjukhuset i Manakara. Sjukestova vert driven i samarbeid med staten som løner jordmora. Dei får også kjøpe billige medisinar frå staten på same måten som deira eigne sjukestover og klinikkar.

Det har dette året vore mykje infeksjonssjukdomar og malaria som folk har fått behandling for. Så er det og ein del sjukdomar som skuldast mangel på hygiene, spesielt blant borna, med diare som resultat. Mangel på god og næringsrik mat er og ei stor utfordring ute i landsbyane. Opplæringa som mødrene får når dei er med i kantinen og lagar god og næringsrik mat, har stor betydning for at kosthaldet skal bli betre ute i landsbyane.



Ein ivrig elev

Foto: Arne Dragsund



Rektor Herica har 1. klasse, den største med 66 elevar

Foto: Arne Dragsund

## Skulen

Det er nå 176 elevar på skulen, opp mot det maksimale det er plass til. 1. klasse har heile 66 elevar, noko som skuldast at foreldra ser kor viktig denne skulen er, og at det nå er slutt på koronatida og dei vågar å sende borna på skule. I juni var det offentleg folkeskuleeksamen. 100 % av elevane i avgangsklassen i Filadelfia greidde eksamen. Dette viser at det er gode lærarar og god oppfølgjing av elevane. Som kjent er det berre 2 % av foreldra som kan lese og skrive, i følgje ei undersøking lærarane tok for 4 år sidan. Så skulen i Filadelfia er eit nybrottsarbeid i denne delen av Manakara og vestover i landsbyar der folket er bønder. Lærarane hadde i oktober 3 dagar med opplæring i ein ny pedagogikk som rektor ved Voantsinapiskulen i Antsirabe hadde for dei og lærarar i sjukelandsbyen Ankaramalaza. I januar 2023 skal dei ha eit oppfriskingskurs og oppfølgjing av det dei nå praktiserer. Om lag 130 foreldre møtte fram til foreldremøtet som rektor kalla inn til midt i oktober-22. Foreldra betalar ikkje skulepengar for elevane sine, men dei arbeider etter tur i kantinen saman med kantineansvarleg, og dei er med i dyrkinga av mat til kantinen. Det er deira bidrag i staden for skulepengar. Dei som av ein eller annan grunn ikkje kan vere med på arbeidet i kantinen eller dyrkinga, betalar inn ein liten sum til skulen i staden.



Kantinen er full av elevar under måltidet

Foto: Arne Dragsund



Elevar i ein av klassane. Gode klasserom

Foto: Arne Dragsund

## Kantinen

Elevane får eit varmt måltid med ris og grønsaker/kjøt/fisk kvar dag bortsett frå fredag då dei sluttar klokka 12. Dette måltidet er veldig viktig, sidan dei fleste elevane går mange km for å kome til skulen kvar morgen. God læring er avhengig av at elevane får god mat i løpet av skuledagen. Eit ektepar i Manakara, som driv ei stor forretning, har dette året gitt pengar til kjøp av ris for kantinen. Nå har dei

ein avtale med leiar for Filadelfia, Ramiharimanana Felicite, om at dei skal halde eitt måltid i veka med ris og tilbehør. Det er veldig kjekt at lokalbefolkningen også ser kor viktig mat for elevane på skulen er.

### **Gardsbruket**

Vi har lagt ned fiskeoppdrettet, i alle fall for ei tid. Fisken vi hadde i fjor haust, vokste godt. Men det var dessverre mykje tjuveri av fisken nattestid, og sterkt regn og overfløyming av vatnet gjorde at nokre dammar vart øydelagde. Dyrkinga med elevar og lærarar held fram som før, og det er gode plantingar av maniok etter basketcompost-metoden som det heiter. Ein metode kor ein får opp til 60 kg maniok pr. plante mot 5-6 kg pr. plante med tradisjonell dyrking ute hos bøndene. Dette ser og foreldra når dei er med i arbeidet ute på åkeren. Og dei kan lære nye teknikkar som dei tek med seg heim til landsbyane sine. Det er mange foreldre som er med på dyrkinga, med ein elevflokk på rundt 180. Så det er på mange måtar ein praktisk opplæringsperiode for foreldra dette, gjennom fleire år.



Jorda er på 28 dekar. Det blir dyrka maniok, søtpoteter, bønner, ris og andre vekster til elevkantinen. Og elevane har sine dyrkingsparsellar som dei brukar saman med sine lærarar.

Foto: Randriamahaleo Bary

### **Bygningane i Filadelfia**

To store syklonar gjekk i februar i år over austkysten av Madagaskar. Spesielt den siste som snudde på vegen vestover, og kom attende over kysten, gjorde stor skade. 5 store bølgeblekkplater vart tekne av vinden på kyrkja, og vindauge i kantinen måtte og reparerast. Entreprenør Gerard Mahadimby sto for reparasjonen. Men bygningane i Filadelfia er jamt over solide og godt bygde, så det var mindre skader på dei fleste.

### **Mykje fattigdom**

Det er stor fattigdom på austkysten, og for så vidt over heile Madagaskar. Folk har for lite mat,

og dyrkinga held ikkje tritt med befolkningsauken som er på heile 2,6 % i året. Madagaskars befolkning er nå på 28 millionar. Det vert importert store mengder ris til eit land som burde dyrka sin eigen mat, og selt ris til andre land. Fattigdomen har og medført mykje tjuveri og skader, og det er stor uttrygghet. Til og med dei mentalt sjuke i den delen av sjukelandsbyen i Filadelfia, har fått besøk av tjuvar nattestid. Vi har nå styrka vakthaldet med endå ein vaktmann på området, så nå er dei to som går vakt nattestid. Dei deler området mellom seg.

### **Takk for støtte**

Takk for all støtte til arbeidet i Filadelfia sjukelandsby også dette året! Det er godt å kunne berette om at arbeidet viser igjen. At folk får hjelp i sjukestova for sine sjukdomar og at kvinner kan føde trygt i fødestova. Foreldra ønskjer å sende borna sine på skulen i Filadelfia. Der får dei god undervisning, og dei får eit varmt måltid mat dagleg som er til god hjelp for dei. Gardsbruket og dyrkinga er også ein opplæringsstad for foreldra som arbeider der etter tur. Det same med elevkantina der mødrene til elevane er med på matlaginga kvar dag.

Takk til koordinator for arbeidet i Filadelfia, Ramiharimanana Felicite og hennar assistent når ho ikkje er tilstades, Andriamahefa Patricia, for det gode arbeidet dei gjer. Takk og til entreprenør Mahadimby Gerard. Og ikkje minst til personalet i sjukestova og på skulen, og presten Velonjara Paul, for god innsats og godt samarbeid. Vi er og takksame for samarbeidet med distriktslegen i Manakara, Dr. Randrianapiera Lie Bertin og distriktsstyrar i Tanambao i Manakara, pastor Randriaina James og biskop for Manakarasynoden, pastor Ratsitontanirina Gastrien.

Sandnes den 2. januar 2023

Arne Dragsund